

Saksbehandlar: Einar Ulla
Avdeling: Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 13/7894-1

Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2014

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2014 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 561 500 vert godkjent og sendt til SF revisjon IKS

Vedlegg:

- Bestillingsdokument for kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll
- Selskapsavtalen for SF revisjon IKS
- Fordeling av revisjonskostnader SF revisjon IKS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Dette er regulert i forskrift om kontrollutval § 4.

I merknaden til den nemnde paragrafen står det mellom anna at kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at fylkeskommunen vert revidert, og at revisjonen vert gjennomført innan dei rammer som fylkestinget set i samsvar med kommunelova § 76 og § 78 nr. 3.

Føremålet til SF revisjon IKS er ifølgje selskapsavtalen å dekke fylkeskommunen sine behov innan finansiell revisjon, selskapskontroll samt attestasjonsoppdrag.

Det går fram av selskapsavtalen, som gjeld frå 1.1.2014, § 4 at utgiftene til dekning av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver, heretter nemnt som finansiell revisjon i saka, vert dekkja av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 10% og medgått tid 90%. Fakturering vert akonto to gonger årleg i samsvar med det vedtekte budsjett for selskapet. Endeleg avrekning skjer ved utgangen av året.

I vedtekte budsjett for SF revisjon IKS for 2014 er inntekter frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til finansiell revisjon og selskapskontroll budsjettert med kr. 1 561 485. Selskapskontrollen vert lagt inn under «Andre tenester Fordeling faktisk timeforbruk», som er ein akontodel av budsjettert beløp på kr. 573 817. Dette vil med andre ord seie at selskapskontroll med eit forbruk på inntil kr. 160 000 vil vere dekkja av akonto-beløpet som vert fakturert to gonger i løpet av 2014. Etter årsslutt 2014 vil selskapet gjere ei vurdering av om fylkeskommunen har teke ut timar i samsvar med akontobeløpet som er innbetalt.

Stipulerte budsjettal som vart innhenta frå SF revisjon IKS i august 2014 var på kr. 1 350 000 for finansiell revisjon. I tillegg budsjetterte utvalet med kr. 160 000 i selskapskontroll.

Representantskapet for SF revisjon IKS vedtok 24.10.2013 eit budsjett der fylkeskommunen sin del av budsjettet er på kr. 1 561 485. Auken i forhold til det stipulerte budsjettet er med andre ord på kr. 41 485 når ein reknar finansiell revisjon og selskapskontroll. Dette er om lag innanfor løns- og kostnadsauken som ligg i budsjettala. Forslag til budsjett for SF Revisjon IKS og vedtak i representantskapet 24.10.13 vart sendt postmottak i fylkeskommunen høvesvis 11.10.13 og 24.11.13. Kontrollsjef vart av SF revisjon orientert om vedteke budsjett 17.12.2013.

Det er avtalt at revisor for framtida også orienterer kontrollutvalet v/kontrollsjef om vedteke budsjett for SF revisjon IKS straks dette er vedteke av representantskapet.

Denne saka gjeld bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll.

Forvaltningsrevisjon vert bestilt i samsvar med rammeavtalen fylkeskommunen har for dette tenestekjøpet med Deloitte AS.